

# **Vedtekter for Jondal Ungdomsråd**

vedteke av kommunestyret 01.02.2017, sak 007/17

## **§ 1 Mandat, føremål og oppgåver**

### **1.1 Mandat**

*Ungdomsrådet i Jondal er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i kommunen.*

### **1.2 Føremål**

- *Å ta opp til drøfting barn og unge sine interesser i kommunen.*
- *Å vera orientert om alle saker i kommunen, gjennom å få tilsendt saksdokument.*
- *Å vera rådsorgan for kommunen i saker som vedkjem dei unge.*
- *Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.*
- *Legge til rette arenaer der ungdom generelt i kommunen får uttale seg om saker.*

### **1.3 Oppgåver**

- *Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant barn og unge.*
- *Å skapa møteplassar for ungdom.*
- *Å etablere ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem barn og unge.*
- *Skapa arenaer der ungdom generelt kan uttala seg.*
- *Ut over dette engasjera seg i saker som rådet sjølv finn viktig for barn og unge.*

## **§ 2 Val, funksjonstid og samansetjing**

### **2.1 Val og funksjonstid**

- *Kvart medlem/varamedlem blir valt for 2 år om gongen.*
- *Det skal haldast val innan 1. november kvart år.*
- *Kvar år er 2 eller 3 medlemmer på val.*

### **2.2 Samansetjing**

- *Ungdomsrådet har 5 medlemmer med personlege varamedlemer.*
- *Elevane ved Jondal skule i 7. – 10. klasse vel 3 medlemmer.*
  - *Elevane vel 1 medlem det eine året og 2 medlemmer det neste året.*
  - *Elevane kan velje medlemmer som ikkje er elevar ved Jondal skule.*
- *Kommunestyret vel 2 medlemmar.*
  - *Kommunestyret vel 1 medlem kvart år*
- *Til ungdomsrådet skal det veljast medlemmer og varamedlemer i alderen 13 til 20 år.*
  - *Alle i aldersgruppa som bur eller går på skule i Jondal kan veljast som medlemmer.*
  - *Minst to bør helst vere frå aldersgruppa 16 – 20 år.*
  - *Alderen gjeld frå det år dei blir valde.*

- *Elevlar i 7. klasse kan veljast som medlemmer.*
- *Kvart kjønn skal vera representert med minst 40% av medlemene, dvs minst 2 medlemmer*
- *Ungdomsrådet kan oppnemna personar til arbeidsgrupper/utval ved arrangement og andre aktivitetar for ungdom dersom dei er spurde og har sagt seg villig. I slike arbeidsgrupper må minst 1 medlem frå ungdomsrådet vere med.*

### **2.3 Konstituering**

*Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar blir valde av rådet.*

*Sekretærfunksjonane vert lagt til den vaksne kontaktpersonen som er oppnemnt av kommunen.*

#### **1. Talerett**

*Leiar og/eller medlemmer frå ungdomsrådet kan bli invitert til møte i hovudutval, formannskap og kommunestyre og kan få møte og talerett.*

*Ordførar, rådmann og kontaktperson har møte- og talerett på møte i ungdomsrådet.*

### **§ 3 Kontaktpersonar**

*Ungdomsrådet har 2 kontaktpersonar*

- *Ein kommunestyrerepresentant vert vald av kommunestyret for 4 år om gongen.*
- *Hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunale politiske organ.*
- *Ha møte- og talerett i ungdomsrådet*
- *Ta opp aktuelle saker i ungdomsrådet og referere resultatet i politiske utval.*

*Denne kontaktpersonen skal:*

- *Hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunale politiske organ.*
- *Ha møte- og talerett i ungdomsrådet*
- *Ta opp aktuelle saker i ungdomsrådet og referere resultatet i politiske utval.*
- *Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet i samarbeid med leiar av ungdomsrådet.*
- *Ha sekretæransvaret for ungdomsrådet, ma sende ut innkalling og referat*
- *Ha ansvar for innkalling til og referat frå møta i ungdomsrådet.*
- *Ha ansvar for opplæring, jmf § 6.*

### **§ 4 Møteverksemd**

#### **4.1 Møte**

- *Møta i ungdomsrådet er til vanleg opne.*
- *Ungdomsrådet bør ha minst 4 møte per år.*
  - *Ungdomsrådet skal setja opp sin eigen møteplan for kvart halvår. Denne skal sendast til ordførar, rådmann, kulturkonsulent og kontaktperson.*
- *Ungdomsrådet bør minst ein gong i året ha ei samling der alle ungdommar i kommunen har tilgjenge.*

#### **4.2 Referat**

*Det skal førast referat over ungdomsrådet sine møte. Referata skal sendast til kommunen sitt postmottak for registrering og distribuering på kommunen si heimeside.*

#### **4.3 Sakskunnskap**

- *Ungdomsrådet kan invitera politikarar, representantar frå administrasjon eller andre til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.*
- *Leiaren og sekretæren skal få tilsendt møteinnkallingar til politiske møte i kommunen.*
- *Andre medlemer i ungdomsrådet kan også få tilsendt møteinnkallingar til politiske møte i kommunen om dei ønskjer det.*

#### **§ 5 Dagsorden**

- 1. Opning*
- 2. Godkjenning av innkalling*
- 3. Godkjenning av saklista*
- 4. Statusrapport – økonomi*
- 5. Orientering frå politisk kontaktperson (dersom denne møter)*
- 6. Behandling av saklista*
- 7. Ymse*

#### **§ 6 Årsmelding**

*Ungdomsrådet skal utarbeida og godkjenne si eiga årsmelding. Årsmeldinga skal innehalde ei kortfatta oppsummering av aktivitetane frå året. Årsmeldinga skal sendast til kommunen sitt postmottak for registrering og distribuering på kommunen si heimeside.*

#### **§ 7 Opplæring**

*Opplæring i demokrati/vedtaksprosessar, og innføring i Ungdomsrådet sin funksjon og saksgang skal skje i regi av kommuneadministrasjonen og politisk vald kontaktperson innan 1. desember kvart år.*

#### **§ 8 Representasjon**

- *Leiar i ungdomsrådet møter i Hardanger ungdomsråd, nestleiar er vara.*
- *Ungdomsrådet vel kven som skal møte i ungdommen sitt fylkesting i Hordaland.*

#### **§ 8 Evaluering av vedtektene**

*Vedtektene skal takast opp til vurdering av ungdomsrådet minst annakvart år. Ungdomsrådet kan ved slik vurdering kome med forslag om endring av vedtektene. Eventuelle forslag om endring må sendast til Jondal kommune og godkjennast av kommunestyret.*